



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
20.01.2017
Dykkar dato
18.01.2017

Vår referanse
2017/879 443.2
Dykkar referanse

UNI Research
Thormøhlensgate 49
5006 BERGEN

Løyve til fiske etter anadrom fisk i vassdrag og sjø i Hordaland 2017

Fiskeløyve nr 2 – 17

LFI, Uni Research Miljø v/Bjørn Barlaup og medarbeidrarar får løyve til å organisere fangst av anadrom fisk i sjø og vassdrag i Hordaland. Løyvet er gjeve med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfiskelova og vurdert etter naturmangfaldlova.

Vi viser til søknad av 18. januar 2017.

Løyvet gjeld ut 31. desember 2017, og på følgjande vilkår:

- Fiskerettshavarar/grunneigerar skal orienterast om fisket
- De kan nytte net, ruse, elektrisk fiskeapparat, garn, hov, stang og harpun
- Utstyret skal desinfiserast før bruk i nytt vassdrag
- Løyvet skal takast med under fisket
- Fisket skal rapporterast til Fylkesmannen

Løyvet gjeld for fiskebiologiske undersøkingar av anadrom fisk og uttak av rømt oppdrettsfisk i sjø og vassdrag.

Kravet til kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova skal stå i eit rimeleg høve til sakas karakter og risiko for skade på naturmangfaldet jf. § 8. I denne saka er det snakk om ulike fiskeundersøkingar ulike stader i fylket, samt uttak av rømt oppdrettsfisk i vassdrag og sjø. Lokalitetane for prøvefisket og uttak er ikkje kjent enno, då heller ikkje bestandsstatus villfisk. Vi vurderer likevel føre-var prinsippet som oppfylt for villfisk, då uttak av ev. villfisk i dei ulike bestandane er avgrensa, og uttak av rømt oppdrettsfisk er retta mot oppdrettsfisk. Etter vårt syn er belastninga som rømt oppdrettsfisk har på bestandar av vill anadrom fisk, større en eit eventuelt utfiske. Dette grunna faren for genetisk innblanding, øydelegging av gytegropar, sjukdom osv. Vi kan ikkje sjå at fiskeundersøkingar og retta uttak mot oppdrettsfisk vil føre til vesentlege endringar i økosystema i dei ulike vassdraga. Og vil etter vårt syn ikkje auke den samla belastninga på dei ulike økosystema.

Etter vårt syn er ikkje § 11 relevant i denne saka, tiltaket skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet. Vi vurdere krava etter §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova som oppfylt.

Jf. forvaltningslova § 16 skal alle enkeltvedtak førehandsvarslast. Vår vurdering er at dette kan unnlatast i dette tilfellet, jf. § 16 a og c. Tiltakshavar pliktar òg å varsle fiskerettshavar/grunneigar før fiskeundersøkingane/uttaksfisket startar.

Er det noko i vedtaket de vil klage på, kan de sende klage til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal de sende via Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Gry Walle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Voss kommune	Postboks 145	5701	Voss
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	Kinsarvik
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	Tysse
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Granvin herad	Postboks 13	5733	Granvin
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	Lonevåg
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	Fitjar
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	Ulvik
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	Norheimsund
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	Uggdal
Modalen kommune	Postboks 44	5729	Modalen
Jondal kommune	Kommunehuset	5627	Jondal
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	Austrheim
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	Storebø
Stord kommune	Postboks 304	5402	Stord
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger
Fjell kommune	Postboks 184	5342	Straume
Etne kommune	Postboks 54	5591	ETNE
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	Bergen
Sund kommune	Postboks 23	5371	Skogsvåg
Hordaland politidistrikt	Postboks 285 Sentrum	5804	BERGEN

Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	Dalekvam
Sveio kommune	Postboks 40	5559	Sveio
Os kommune	Postboks 84	5202	Os
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	Odda
Fusa kommune	Postboks 24	5649	Eikelandssosen
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	Fedje
Haugaland og Sunnhordland politisidistrikt	Postboks 278	5501	Haugesund
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	Eidfjord
SNO	Her		